

«Det kappast på kappleik»: Endringar i kappleiksreglementet til FolkOrg

– ei tilbakemelding frå arbeidsgruppa sett ned av FolkOrg,
med Laura Ellestad, Pernille Hansen og Mette Vårdal

Oppsummering av mandatet

3. juni 2016 mottok arbeidsgruppa følgjande mandat frå FolkOrg:

”Styret set ned ei arbeidsgruppe av 3 personar. Mandatet til gruppa er: Arbeidsgruppa skal evaluere endringane i kappleiksreglementet i høve rangering, poenggjeving og munnlegge attendemeldingar på bakgrunn av innspel frå årets deltakarar. Dei skal:

- Førebu og utarbeide ei spørjeundersøking som administrasjonen legg ut i questback
- Vurdere og analysere desse attendemeldingane
- Kome med ei tilråding til styret.
- Undersøkinga bør vere open i september
- Styret skal ha tilbakemelding frå gruppa innan 1. desember.”

Anbefalingar frå arbeidsgruppa

Punkt 1 – Evaluering av endringar knytt til rangering

Arbeidsgruppa anbefaler å gå tilbake til ei ordning der alle klassane på Landskappleiken (LK) og Landsfestivalen (LF) blir rangert.

Punkt 2 – Evaluering av endringar knytt til poenggjeving

Arbeidsgruppa anbefaler å halde på den nye poengskalaen.

Punkt 3 – Evaluering av endringar knytt til munnlege attendemeldingar

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at tilbodet om munnlege kommentarar frå dommarane til junior-/C-klassa er bra der det fungerer, men er krevjande for dommarar og fungerer ikkje alltid like godt for deltakarane. Arbeidsgruppa oppmodar om eit betre forarbeid og nokre retningsliner før ein eventuelt held fram med munnlege kommentarar i dei yngste aldersklassane.

Tilleggskommentarar

Sjølv om undersøkinga gir eit tydeleg svar på dei punkta mandatet ba oss vurdere, er det ikkje lenge sidan ei anna, nesten likelydande undersøking ga eit anna resultat. Det er også fleire meiningar som kjem til uttrykk i kommentarar og debatt, og vi meiner FolkOrg bør arbeide vidare med ulike tema og problemstillingar som kan bidra med utvikling av tevlingane. Under oppsummerer vi arbeidet vårt, og går nærare inn på ulike tema.

Oppsummering av arbeidet

Vi har gjennomført ei undersøking på nett retta mot alle som var til stades på årets Landskappleik eller Landsfestival, med 802 svar. Vi la vekt på å legge spørsmålsstillinga i undersøkinga tett opp mot den FolkOrg gjennomførte i vår, før endringane blei innført, for enklare å kunne samanlikne resultata. Vi opna òg for skriftlege kommentarar til slutt i undersøkinga. Dessutan gjennomførte vi ei eiga undersøking for dei som var dommarar

på desse to arrangementa. Opphavleg vurderte vi å følgje opp med kvalitative intervju før vi konkluderte. Ettersom dei skriftlege kommentarane i undersøkinga var langt meir utfyllande enn vi forventa, såg vi ikkje behov for å utvide datagrunnlaget med kvalitative intervju.

Endringane i kappleiksreglementet har skapt ein aktiv debatt både før, under og etter Landskappleiken og Landsfestivalen. Det har mellom anna vore skrive mykje om regelverket i tidskrift, på sosiale media og på nettsider som t.d. Folkemusikk.no. Innspel frå desse media dannar òg eit bakteppe for arbeidsgruppa sine anbefalingar og drøftingar. Vi viser til følgjande innspel som døme:

Bergset, Nils Øyvind. "Dramatiske endringer basert på et delt miljø". 12.04.2016.

<http://folkemusikk.no/dramatiske-endringer-basert-pa-et-delt-miljo/>

---. "Grundige prosesser vil holde miljøet samlet gjennom diskusjoner av veivalg". 15.04.2016.

<http://folkemusikk.no/grundige-prosesser-vil-holde-miljoet-samlet/>

---. "Å konkurrere eller å ikke konkurrere: Det er spørsmålet". 21.06.2016. <http://folkemusikk.no/a-konkurrere-eller-a-ikke-konkurrere-det-er-sporsmalet/>

Bjørset, Synnøve. "Kappleik og estetikk". 18.11.2016. <http://www.ballade.no/sak/kappleiken-som-arena-for-vurdering-av-slattespel-som-estetisk-uttrykk/>

Brende, Hanne. "Elite eller bredde?" <http://folkemusikk.no/elite-eller-bredde/>

Brimi, Aslak. "Kutt poengsummer og full rangering i A-klassane". 28.01.2016. <http://folkemusikk.no/kutt-poengsummer-og-full-rangering-i-a-klassene/>

FolkOrg. "Endringer knytt til rangering på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammeldansmusikk". 12.04.2016. <http://www.folkorg.no/endringer-knytt-til-rangering-pa-landskappleiken-og-landsfestivalen-gammaldansmusikk/>

Kamphus, Henrik. «Meir leik enn kapp». 01.07.2016. <http://www.folkemusikk.no/mer-leik-enn-kapp/>

Tho, Tone Merete. "Ingen vil hamne i drittsekken". *Hallingdølen*, 28.06.2016.

Tveiten, Per Øyvind. "Endringer i kappleiksreglement: Tilsvar og utdjuing". 14.04.2016.

<http://folkemusikk.no/endringer-i-kappleiksreglement-tilsvar-og-utdjuing/>

Dei to undersøkingane, dei utfyllande kommentarane og det offentlege ordskiftet er utgangspunktet for våre anbefalingar. Vidare i dette dokumentet vil vi først oppsummere resultatane frå undersøkingane kort. Deretter vil vi utdjupe eit spørsmål som har kome opp i prosessen, nemleg kor representative vi kan anta den opne gjennomførte undersøkinga er, og vi vil trekke fram idear og problemstillingar vi meiner FolkOrg bør jobbe vidare med.

Resultat

Oppsummering av undersøkinga for deltakarar og publikum

Når det gjeld rangering, svara eit stort fleirtal (84 %) at dette er ein viktig motivasjonsfaktor for å delta på kappleik, og det store fleirtalet av dei som svarar ja på dette spørsmålet (95 %) meinte at det gjaldt alle klassar. Eit stort fleirtal svara at dei var misfornøgd eller veldig misfornøgd med at berre 1/3 av alle klassane vart rangert på arrangementa i sommar, anten det var som deltakar (82 %) eller som tilskodar (80 %), og 82 % svarar at dei ikkje vil halde på denne endringa.

Endringane i poengskalaen og ordninga med munnlege tilbakemeldingar for junior- eller C-klassedeltakarar var det færre sterke meiningar om. Til saman svarte 42 % at dei var fornøgde eller svært fornøgde med denne endringa, mens 44 % ga eit nøytralt svar på dette spørsmålet (anten «veit ikkje» eller «verken fornøgd eller misfornøgd»).

Av dei som anten deltok i ei junior- eller C-klasse sjølve eller var forelder eller lærar til ein som deltok her, svara 58 % at dei tok imot tilbodet om munnleg kommentar frå dommarane. Få av desse var misfornøgde med ordninga, men det var heller ikkje stor oppslutning om ho: Om lag ein tredel (34 %) var fornøgde eller svært fornøgde, mens 25

% svara at dei var verken fornøgd eller misfornøgd, og nesten like mange (21 %) svara «veit ikkje».

Dommarane sine erfaringar

”Jeg skjønner at dommerne hadde det bra, men vi utøvere og spesielt jeg som publikum synes det var temmelig kjedelig.”

Dei 40 dommarane på årets tevlingar fekk invitasjon til ei eiga undersøking sendt direkte på e-post, og vi fekk inn 19 svar. Dei er jamnt over litt meir positive til endringane i rangering enn i den opne undersøkinga. 6 svarte at dei var fornøgd eller svært fornøgd med å rangere 1/3 av lista, 7 var misfornøgd eller svært misfornøgd, men heile 13 meiner ein ikkje bør halde fram med dette. Det var sagt at å ikkje rangere alle skulle lette arbeidet for dommarane, i kommentarane synt dei at dei ikkje var heilt samde i det. Nokon meinte det gjekk litt raskare, og dei slapp å sette nokon sist. Men undervegs måtte uansett alle deltakarane vurderast, og det var mange ein gjerne skulle ha rangert som no ikkje fekk plassering. ”Som dommar må du uansett vurdere alle, å spare arbeid for dommarane er ingen grunn til å halde på 1/3 rangering” var ein av kommentarane. Ein sa og at dei fekk dårleg samvit for dei gode som hamna i ”sekken” av urangera.

Ein av dommarane oppsummerer: ”Det er åpenbart at mange ønsker en fullstendig rangering av deltakerne. Jobben for dommerne blir kanskje enklere, men man går glipp av en del presumtivt interessante og kanskje også viktige faglige diskusjoner som ville kommet dersom man måtte foreta rangering av alle. Dette er ikke en positiv utvikling i mine øyne.”

”Ei ordning med å gi munnleg tilbakemelding til C-klassingar stiller høge krav til innhaldet i tilbakemeldinga – og til den som skal gi tilbakemeldinga.” skreiv ein. 9 av dommarane var svært fornøgd eller fornøgd med å gje kommentarar til dei yngste, berre to var misfornøgd eller svært misfornøgd. Det var likevel mange som kommenterte ordninga. Å gje kommentarar var krevjande, både med tanke på arbeidsomfang og å legge fram tilbakemeldingane på ein pedagogisk måte. Ein peika på at dette var ei oppgåve læraren var betre skikka til: ”Eg meiner det er læraren si oppgåve å gi tilbakemelding på eleven sine prestasjonar – og kva som er viktig å jobbe vidare med. Dommaren si tilbakemelding, gjeve med lita tid til førebuing og lite/ingen kunnskap om eleven, er i beste fall alt for generell og difor ’intetsigande’, og i verste fall øydeleggande for eleven.” Ei løysing er at dommarane ikkje gjev attendemelding til deltakarane, men til ein lærar eller føreset.

I nokre klasser opplevde dommarane å bruke mykje tid på å lage kommentarar, og berre eit lite fåtal møtte opp for å få dei. Ei avkryssing på kven som ønskte kommentar kunne vore ein idé.

Heile 13 av dommarane var fornøgde eller svært fornøgde med den nye poengskalaen. Ingen var misfornøgde eller svært misfornøgde. ”Har vore dommar - og arrangør - med den nye poengskalaen i bruk, og alle var veldig fornøgde. Endeleg har alle disiplinær same skala.”

To undersøkingar med ulike svar

Undersøkinga som dette dokumentet primært bygger på blei lagt tett opp til ei undersøking gjennomført våren 2016 om same tema. Interessant nok skil dei seg klart ifrå kvarandre særleg når det gjeld spørsmåla om rangering. I vår sa 51 % ja på at ein burde endre resultatlistene og ikkje lenger rangere alle; 37 % sa nei, og dei resterande

svara «veit ikkje». Å rangere 1/3 av deltakarane fikk klart større oppslutning enn alternativa (å rangere halvparten eller berre dei tre beste). I haustens undersøking, etter at dette vart gjennomført på Landskappleiken og Landsfestivalen, var stemninga som nemnd ei anna: Det store fleirtalet ønska å gå tilbake til å rangere alle i alle klassene. Når ein får så ulike resultat frå to såpass like undersøkingar retta mot den same gruppa, kan det ha to årsakar: Anten er det skilnader mellom deltakarane i dei to undersøkingane, eller så har mange endra meining etter å ha erfart endringane i praksis. Vi har sett etter teikn til både desse moglege forklaringane i datamaterialet. Vi har òg sett på kor godt deltakarane i haustens undersøking speila deltakarane på arrangementa i sommar.

I undersøkinga i haust spurte vi deltakarane om dei deltok på Landskappleiken eller Landsfestivalen i sommar (601 svara ja), og kva klasse dei i så fall deltok i. Om ein samanliknar desse svara med deltakarstatistikken, viser det seg at med unntak frå nokre av dei minste klassene på Landskappleiken (durspel jr., vokal D og langeleik jr.), er alle klassene representert i undersøkinga. Klassene for lagdans på Landskappleiken og lagspel på både arrangement, er noko underrepresentert, men dei utgjer likevel ein stor andel av svara: 68 % kryssa av for minst ei lag-klasse. Dermed ser det ut til at undersøkinga er nokså representativ.

Når det gjeld kor like deltakarane i dei to undersøkingane er, var det 604 deltakarar i vår, og 802 i haust. Undersøkingane har eitt spørsmål til felles som fortel noko om bakgrunnen til respondentane, nemleg: «Er du yrkesutøvar innan folkemusikk og/eller folkedans?» Her er svara svært like: Dei fleste (66 % i vår, 73 % i haust) svara nei, ein del (19 % i vår, 15 % i haust) svara «delvis», og nokre færre svara ja (16 % i vår, 12 % i haust). Det er likevel verdt å merkje seg at haustens undersøking ser ut til å famne litt breiare.

Vi spurte ikkje konkret i spørjeskjemaet om folk deltok på undersøkinga i vår, eller om dei har endra meining om rangering sidan i vår, men fleire har kome inn på dette i dei skriftlege tilbakemeldingane sine. Eit døme er følgjande: "Stemte for prøveordning, men har endra standpunkt etter sommerens utprøving."

"Mosjonistklasse" og andre kreative løysingar

Blant kommentarane kom det inn flerie kreative løysingar, vi har samle nokre her som vi meiner det er verdt å sjå nærare på:

1. Opprette mosjonistklasse, at dei som ikkje ønskte rangering kunne krysse av for det ved påmelding:

"Et forslag kan være å åpne opp for en egen mønstringsklasse, for de som ikke vil delta i klasser der man får plassering og poeng."

"Eit forslag som eg synes virkar fornuftig er at man åpner for at man under påmelding kan markere om man ynskjer å delta i konkurranse eller om man foretrekker å delta i ein mønstringsklasse. Dei to klassene kan gå parallelt, og man kan skjule for publikum kven som er med i kva klasse fram til premieutdelinga. Dommerpanelet kan få vite kven som er i mønstringsklassen med ei markering på dommarskjemaet om at deltakeren IKKJE skal dømast."

"Som en nødløsning, gjør det heller frivillig med poengsum og rangering, slik at de som ikke 'tåler' dette kan velge å delta uten at dommerne får skjema. Det kan deltager opplyse om ved registrering eller påmelding."

2. Nokre opplevde sjølve kappleikssituasjonen som krevjande:

”Eg meiner det fyrst og fremst ikkje er rangeringsmetoden som treng å endrast, men settinga under tevlingane. Kva er målet med rangeringsendringane? Få fleire til å delta, lage ein meir konsertprega stemning? Eg foreslår å legge dei fleste klassene til eit meir uhøgtidleg lokale. Det blir noko stivt og unaturleg med store hallar. Det blir ein slags mur mellom publikum og utøvar, noko som kanskje er med på at mange ikkje vil stille.”

3. Andre hadde framlegg om at dommarane fekk fleire moglegheiter i dømninga enn berre å rangere ei liste:

”Hva med å rangere 2/3, eller eventuelt la dommerne rangere de som de mener skiller seg ut positivt?”

”Breidde i deltaking og repertoar er kjempeviktig, og viktigare enn å fjerne poeng trur eg er å rette fokus mot grunnlaget og innhaldet i dømninga (evig tema). Priser som ’årets dansespel’ o.l., tykkjer eg er viktig for å oppretthalde ei minst mogleg einsretta dømning. Kan hende er det fleire slike prisar som kan opprettas?”

Deltakaropplevinga i høve endringane i rangering

Både spørjeundersøkinga og ei stor overvekt av dei skriftlege kommentarane viser ei tydeleg misnøye med endringane knytt til rangering. 83% av deltakarane svarte at dei var misfornøgde/svært misfornøgde med at kun den øvste tredjedelen av klassane blei rangert, og 82% (sannsynlegvis dei same) vil ikkje halde på denne endringa. Sjølv om resultatata på dette punktet er nokså eintydige, er det likevel høveleg å sjå nærare på korleis ulike kappleiksdeltakarar opplevde endringane knytt til rangering på årets arrangement.

Fleire viktige tema i samband med deltakarane sine opplevingar av endringane knytt til rangering trer fram i dei skriftlege kommentarane. Som ei utdjuing av vår tilråding til FolkOrg, ynskjer vi difor å trekke fram følgjande temaa:

- Fører full rangering til auka motivasjon og rekruttering?
- Eliten eller breidda?
- Vennskapeleg ”kniving” er morosamt og sunt
- Argument for å bevare endringane knytt til rangering

Fører full rangering til auka motivasjon og rekruttering?

”Det er viktigere å holde på de deltagerne som er der for å prestere og for å få en rangering, enn å risikere å miste mange deltakere på grunn av et system som i grunn er for å få flere til å delta.”

Mange av informantane hevdar at rangering er ein viktig faktor når det gjeld både motivasjon, rekruttering, og for å kunne sjå og evaluere si eiga utvikling som tradisjonsmusikar/-dansar. Som nemnt ovanfor, svarte 84 % av dei som identifiserte seg som deltakarar (til saman 590 informantar) «ja» på spørsmålet om rangering er ein viktig motivasjonsfaktor for dei å vere med på LK og/eller LF, og 95% av deltakarinformantane svarte at dette gjeld alle klassane.

Når det gjeld kva innverknad rangering har på motivasjonen og rekrutteringa hjå dei yngste deltakarane, finn vi ulike meininger hjå informantane. Nokon meiner at full rangering er viktig som motivasjonsfaktor særleg for dei yngste deltakarane. Fleire hevdar at trongen til å konkurrere står sterkare blant junoir-/C-klassingar, og at full rangering er viktig for å stimulere til rekruttering blant dei yngste deltakarane: ”Endringane får store konsekvensar som eg tidlegare ikkje har tenkt på, mellom anna

konkurransespektet som særleg står sterkt hjå dei yngre. Dette får innverknad på rekrutteringa. Aktørane må få vita kvar dei står, noko som vil skjerpe til vidare innsats. Det skjer nok i mykje mindre grad for dei som hamnar i den store, urangerte sekken." Ein annan informant påstår at å ikkje få vite resultatene sine skapar ei usikkerheit hjå ungdomar: "[man] ser at ungdom blir svært usikre av å ikke vite. De som stiller opp, vet at de blir rangert. Har hørt mange kommentarer på at de ikke vil stille opp videre, hvis denne ordninga fortsetter." Derimot meiner andre at full rangering kan slå uheldig ut når det gjeld motivasjon hjå dei yngste deltakarane på LK/LF: "Det gamle systemet var særdeles upedagogisk, barn skal ikkje bli fortalt at dei spelar dårleg. Indirekte blir dei det, når dei havnar i nederste skikte på lista, og det fungerer svært dårleg som motivasjonsfaktor."

Når ein ser på kva innverknad rangering har på motivasjonen og rekrutteringa hjå dei vaksne deltakarane, er meiningane meir einstemt – og her ligg fokuset på rangering som motivasjonsfaktor. Mange meiner at endringane knytt til rangering er demotiverande for dei som ikkje blir rangert: "Vi har alltid villet gjøre det best mulig, men i år var det ingen mulighet til å se hvordan vi lå an i det hele tatt. Moroa ble litt borte, rett og slett. Hvorfor skal vi da delta, vi som ikke har mål om å bli nr topp 3, men allikevel vil delta og få vite hvordan vi ligger an? Eller hva skal være motivasjonen vår da?" I tillegg forklarar mange vaksne deltakarar korleis dei brukar resultatene sine på LK/LF til å måle eigen framgang som utøvarar: "Jeg pleier stort sett komme midt på resultatlista, og jeg lager alltid en liten konkurranse med meg selv for hvert år om å komme høyere på lista, det fikk jeg ikke i år. Jeg følte egentlig at jeg ikke hadde fått deltatt i det hele tatt, at det jeg gjorde ikke spilte noen rolle for hvor bra eller dårlig det var. Jeg ble på en måte ubetydelig, og jeg fikk ingen følelse på hvordan jeg lå an med tanke på videre utvikling." Det er tydeleg at for mange deltakarar er hensikten med å delta på LK/LF nettopp å måle si eiga forbetring som utøvar.

I det vidare arbeidet med kappleiksreglementet, vil det vere viktig å sjå nærare på korleis rangering verkar inn på motivasjon og rekruttering hjå både yngre og eldre kappleiksdeltakarar. Har rangering ein hovudsakleg positiv, eller negativ effekt på motivasjon og rekruttering? Korleis kan FolkOrg jobbe for å stimulere til rekruttering og motivasjon, og samtidig behalde det gamle systemet?

Eliten eller breidda?

Som Hanne Brende påstår i artikkelen "Elite eller bredde", er det mange informantar som meiner at endringane knytt til rangering framhevar "eliten"/"vinnarane"/"dei profesjonelle" i større grad enn med det gamle reglementet, og som konsekvens ikkje tar godt nok vare på breidda i folkemusikkmiljøet. Brende kommenterar si oppleving som urangert lagspeldeltakar slik: "I år som i fjor, og alle andre år, er det de beste og mange av de samme som blir hedret og applaudert. [...] Men er det for mye forlangt at alle vi andre også kan få en plassering og kanskje en applaus? [...] Anerkjenn oss, og la også oss være verdt en poengsum og plassering. Så har også vi noe å snakke om i matteltet om kvelden, og noe og strekke oss etter når vi forhåpentligvis kommer tilbake neste år." Ein annan informant kommenterer at "utan rangering blir det fort ei kjensle av ein rein mønstringsopptreden, der skillet mellom 'kremen' og 'røkla' kan oppfattes som tydelegare." Vidare skriv ein av deltakarane at "det er KUN de profesjonelle som 'tjener' på ei sånn løsnings."

Nokre deltakarar som hamna i den urangerte delen av resultatlista følte seg også "usynlege", og at prestasjonane deira dermed hadde ingen verdi: "Jag hörde inga som helst positiva ord, snarare oppgiveness, ilska, ledsenhet. Att folk kände sig osedda eller

inte ens värda att bedömas. jag tror det här är fel väg att gå om folkorg vill att deltagandet ska blomstra. [...] Förändringen känns rätt respektlös." Ein konsekvens av dette kan vere at det oppstår ei usikkerheit blant deltakarane: "[Jeg] opplever det at kun 1/3 av lista publiseres, gjør at kappleiken blir 'hengende' i lufta, og at det oppstår en usikkerhet blant deltagerne. Og det er jo nettopp denne usikkerheten som er grunnen til at mange drar til Landskappleiken for å tevla. Landskappleiken fungerer på denne måten som et 'beroligende' element i miljøet der man får avgjort hvem som er bedre en en hvem. [...] Ved kun å publisere 1/3 av resultatene opplever jeg at mange føler mye fortsatt står uoppgjort ved endt kappleik."

Fleire av deltakarane uttrykker også at dei opplevde endringane knytt til rangering som "respektlaust", på den måten at deltakarane ikkje fekk lik behandling i form av ei vurdering: "Uansett resultat av plassering, tenker jeg det er respektløst av dere å ikke gi oss den muligheten [til å se hvilken plass vi kom på] [...] Gi alle utøverne og grupper, samme respekt, ved å behandle oss likt, uavhengig av hvilken plass vi kommer på i konkurransen." Ifølge ein av informantane, å rangere alle er å "ta deltakarane på alvor og gjev auka seriøsitet til arrangementet."

Fører det nye systemet til at det blir meir fokus på det å vere "best", og gir full rangering betre vilkår for å bevare breidde og engasjement i miljøet? Det at fleire deltakarar opplever at dei ikkje blir behandla likt, og ikkje blir møtt med respekt som deltakar under det nye systemet, er også noko FolkOrg bør ta med i betraktning i det vidare arbeidet med kappleiksreglementet.

Vennskapeleg "kniving" er morosamt og sunt

Nokre deltakarinformantar nemner også at det nye rangeringssystemet gjer at dei mistar moglegheita til å samanlikne seg med spesielle deltakarar/lag som dei brukar å ha vennlege interne konkurransar med. For mange utgjer slike interne konkurransar mykje av gleden med å delta: "Sjølv om ein ikkje hevdar seg i toppen kan ein ha interne konkurransar mtp. plassering. Særleg i klassar som lagspel, dans hardingfele B, spel hardingfele B og lagdans har eg opplevd denne 'knivinga' som morosamt og sunn."

Fleire informantar nemner slik vennskapeleg "kniving" som ein viktig motivasjonsfaktor for å delta, og peiker også på at denne type konkurrering er velviljug og sunt for lokalmiljøet.

Argument for å bevare endringane knytt til rangering

Vi ønskjer også å trekke fram nokre av dei positive deltakaropplevingane i høve endringane i rangeringssystemet. Fleire informantar har kome med argument for å bevare desse endringane (heilt eller delvis), og vi har valt ut nokre argument vi meiner kan vere nyttig å ta med i evalueringa:

"Min mening er at fullstendig rangering i A-klassene ikke er nødvendig og jeg synes det hadde vært mye morsommere å delta i denne klassen, om bare øverste tredjedelen ble rangert. En større frihet med tanke på valg av slåtter og utformingen av dem. Man slipper å jobbe mot noe man 'tror' at dommerne vil like, bare for å unngå å havne sist, og kan fokusere på å gi en bra og interessant opplevelse til publikum."

"Veldig gode tiltak! Poeng er subjektive vurderinger og det er tilfeldig hvem som får fem poeng mer eller mindre. Det har vært et overdrevent fokus på poeng i folkemusikkmiljøet. Dansen og musikken er mye viktigere drivkraft enn poengene, og deltakelsen, tilhørighetsfølelsen og miljøbyggingen er det viktigste på disse arrangementene."

"Eg tykkjer også det er litt skummelt med all negativ haldning til den nye ordninga i C-klassene. Etter mitt syn er det hårreisande og ekstrem kritikkverdig 'pedagogikk' å gje C-klassinger ein karakter (poengsum) utan ei grunngjeving. Så eg meiner FolkOrg si ordning i C-klassene er veldig bra, men folk må forklarast og verte overtydd om at ei god attendemelding er betre enn berre ein poengsum."

Dommarrolla

"Poeng er subjektive vurderinger og det er tilfeldig hvem som får fem poeng mer eller mindre."

Ikkje alle deltakarane er like fornøgde med dommarane. Deira innsats har vel alltid vore diskutert, og det er inga grunn til å tru at det er annleis no enn før. Dommarane si truverd og funksjon er likevel viktig for utvikling av kappleikane, og verd ei vidare drøfting.

Det kjem i kommentarane delvis til uttrykk eit ønskje om ei så objektiv, fagleg og nøytral vurdering som mogleg. Samstundes er dommarane sine ulike kvalifikasjonar og preferansar ofte kjent, og dei blir oppfatta som subjektive i si vurdering: "Dessutan er kappleik kappleik - med ulike dommarar frå gong til gong."

Fleire kommenterer dommaranes manglande kvalifikasjonar, særleg på dans. "Hjelp ikkje med poeng når dommarane ikkje har forstand på dansetakt" er det ein som skriv. Bakover i tid har man hatt fleire ulike strategiar for val av dommarar. Det har vore profilerte personlegdomar som har hatt autoritet i kraft av eige person. På folkedans.com står det om vestmannalagets kappleik i 1896: "dommarane var velvyrde bergensarar: dispasjør Frans Beyer, konsul John Grieg og kapellmester Johan Halvorsen." Dei var ikkje utøvarar, ikkje fagpersonar, men smaksdommarar. Ein har også nytta særleg dyktige og meritterte utøvarar, som Sven Nyhus og Ånon Egeland, som dommar.

Med rask utvikling på feltet har ein ønskt eit yngre dommarpanel, og i større grad valt dommarar som på ulikt vis er skulerte innan feltet. Eit slikt dommarval bygger opp under eit inntrykk av at ein nærmar seg ein fagleg og objektiv vurdering, ikkje ei kunstnarisk og subjektiv vurdering. Samstundes blir det paradoksalt nok enklare å anklage dommarane for ikkje å ha peiling. Ein flytt diskusjonen frå ulike estetiske vurderingar og personleg ståstad, til eit spørsmål om rett og gale og dommaren sin kompetanse.

Av deltakarane var det fleire som nemnte på at det hadde vore interessant med ei attendemelding frå dommarane, ikkje berre i yngste aldersklassa. "Innsikt i hva dommerne vektlegger er veldig interessant, som også kan gi en pekepinn på hvorfor man fikk den rangeringen/poengsummen man fikk." I kva grad skal dommarane gje sine vurderingar til kjenne og skape og bidra i ordsiftet om plassering og poenggjeving?

Dommarane gjev ikkje berre ei rangering til deltakarane, dei er førande i ei større debatt om kvalitet, estetikk og tradisjon i folkemusikken- og dansen: "Her må ein tenkja på publikum like så mykje som på deltakarane. Det er mange av dei som sit i salen som "er med på døminga" og dei vil gjerne sjå/samanlikna med det dommarane kom fram til. Ja, det er ein leik, intensjonen iallfall, og eg trur dei fleste deltakarane er medvitne om at med eit anna dommarpanel så ville resultatet truleg også vore ei anna, men like fullt vil dei fleste av publikum ha desse poenga."

Kva rolle dommarane skal ha på kappleik og i ordsiftet er truleg ikkje ein enkel avveging mellom ulike alternativ, men ein kontinuerleg drøfting som fylgjer utviklinga

av arrangementa og fornying av sjangeren. Arbeidet med å utdanne og skulere dommarar og ei lite synleg debatt om dømning og ulike syn, vil gje ei større forståing av dømminga som fagleg objektiv. Ein livlegare debatt, tydelege standpunkt og personlegdommar i dommarpanela gjev derimot større inntrykk av ei subjektiv estetisk vurdering av framføringane, der det også er større rom for å diskutere resultatlistene.

Publikumsopplevinga

Dei skriftlege kommentarane frå undersøkinga ga også nokre indikasjonar på korleis ulike publikummarar opplevde endringane i tevlingsreglementet, då særleg endringane knytt til rangering. Fleire informantar peiker på verdien av å samanlikne sine egne vurderingar av deltakarprestasjonane med resultatlistene, og at dei i år delvis mista denne moglegheita: "Det er mange av dei som sit i salen som 'er med på døminga' og dei vil gjerne sjå/samanlikna med det dommarane kom fram til." Vidare meiner nokon at "å vere med på dømminga" av alle deltakarane gir publikummarar moglegheita til å utvikle si forståing av kvalitet i tradisjonsmusikken og -dansen: "Jeg mener at rangering gir meg, som en del av publikum, en bedre forståelse av hva som er tolket som god dans, spel, sang osv."

Det kan sjå ut som denne aktive dømminga hjå publikummarane er også med på å auke underhaldningsverdien til arrangementet, og at det nye systemet gjer at LK og LF får mindre underhaldningsverdi: "Det har ALDRI vore så kjedleg å vore publikum som i år. Det er ikkje kjekt å sjå så mange havne i 'sekken'. Litt av poenget med ein fast kappleikspublikummar er å diskutere med andre kven ein tykte spelte best osv. Og så sjå utvikling for år for år etc. Dette forsvinn jo heilt når ein kun rangerer toppen."

Munnlege attendemeldingar

"Den viktigaste endringa, slik eg ser det, var at C-klassingane fekk attendemeldingar i år. Eg er jo ikkje lenger det, men ei slik attendemelding var eit sagn for meg då eg var C-klassing - særleg fordi eg kom frå eit lite lag der eg var den einaste som reiste frå kappleiken, og hadde få andre å få attendemelding på spelet mitt frå."

Deltakarane var ikkje udelt positive til ordninga med munnlege attendemeldingar for dei yngste, men det kjem heller ikkje fram noko prinsipiell motførestelling mot ordninga. Ein av dei som var tydeleg på å erstatte rangering og poeng med attendemeldingar skriv: "Eg tykkjer...det er litt skummelt med all negativ haldning til den nye ordninga i C-klassene. Etter mitt syn er det hårreisande og ekstrem kritikkverdig 'pedagogikk' å gje C-klassinger ein karakter (poengsum) utan ei grunngeving. Så eg meiner FolkOrg si ordning i C-klassene er veldig bra, men folk må forklarast og verte overtydd om at ei god attendemelding er betre enn berre ein poengsum."

Kappleiksdeltaking for dei yngste blir oppfatta som læring og rekruttering, og mange vektlegg dei pedagogiske utfordringane med å kombinere tevling og rettleiing.

"Kappleikar skal vera ei positiv oppleving for dei som vågar seg fram på. [...] Barn bør få konstruktiv rettleiing gjennom positive vendingar. Det opplevde eg at dommarane i C-klasse hardingfele gjorde på ein god måte. Det var også fint at lærar fekk følgja dei inn for å motta kommentarar." Men på same måte som dommarane så vanskan med å gje gode attendemeldingar, var det også ei gjengangar i kommentarane frå deltakarane: "eg fekk inntrykk av at dommarkommentarar til c klassingane ikkje fungerer så godt. mykje dei same tinga som blir sagt. ikkje nok tid." Og: "Muntlige tilbakemeldinger for c klassa kan være uheldig hvis ikke dommerpanelet kan godt nok tradisjonen for dansen."

Nokre peika på at også andre klassar kunne ha nytte av munnleg attendemeldingar. Det å få ta del i vurderingane, og kanskje også det å bli sett og få merksemd om deltakinga, var viktig: "Det kan vera ein motivasjonsfaktor å få tilbakemelding på spelinga. Det er jo kjekt å få ein plassering, men like kjekt er det å få veta kva ein kan gjera bedre musikalsk og på scena."

I det vidare er ikkje spørsmålet så mykje om ein skal ha, men korleis kommentarane skal gis, kven som skal få dei og kva dei skal innehalde.

Poengskala

Som nemnt ovanfor var det få sterke meiningar om endringa i poengskalaen: 41% svarte at dei var fornøgd/svært fornøgd med endringa, medan 14% var misfornøgd/svært misfornøgd. 25% svarte «verken misfornøgd eller fornøgd», og 19% «veit ikkje» – så her er det mange som ikkje har nokon klar meining. Dei skriftlege kommentarane omtalar denne endringa hovudsakleg positivt. Men nokre av kommentarane belyser ei problemstilling knytt til den nye poengskalaen som vi ønsker å påpeike, nemleg at skalaen kan i nokre tilfelle opplevast som for trang, særleg i dei større klassane som t.d. Spel hardingfele B på LK. Ein av informantane skriv: "Kanskje skalaen burde gått høgere enn hundre? Følte det var lite som skilte i poengsum." Og vidare: "Med store klassar, t.d. LK, vert den nye skalaen for trang." Vår anbefaling er å behalde ein felles poengskala for alle klassane, men det er mogleg at FolkOrg skulle evt. vurdert å utvide poengskalaen.